



Aage Vigleik Nyhammer
Kubbaleitet 18
5916 ISDALSTØ



286

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/301 - 19/20547

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
26.06.2019

Orientering om vedtak i Plan- og miljøutvalet - gbnr 137/259 Alver

Saka gjeld klage på avslag på søknad om dispensasjon frå rekkefølgjekrav gjeve i reguleringsplan Isdalstø Kai. Klagen vart handsama av Plan- og miljøutvalet i møte den 19.06.19, der følgjande vedtak vart fatta:

PM - vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå rekkefølgjekrav gjeve i føresegna §§ 2.2.1, 2.2.2 og 2.2.3 i reguleringsplan Isdalstø kai/planid.: 1263-200706 med følgjande vilkår.

1. Det skal tinglysast rett/hefte på gbnr 137/259 som gjev ålmenta rett til bruk av kaifront til kyststi. Kyststien skal ha ein hindringsfri breidde inntil 1,5 meter og leggast yst på kaien.
2. Det skal etablerast bru/landgang frå kai på gbnr 137/259 og over til friområdet i Alverneset gbnr 137/799 med breidde 1,5 m. Bru/landgang skal vere ein del av kyststien og skal sikre tilkomst friområde og kyststien i Alverneset

Etter ei samla vurdering er fordelane er klårt større enn ulempene.

Grunngjeving for vedtaket:

Eksisterande reguleringsplan for Isdalstø vanskeleg å realisere i sin noverande form. Løysinga er i samsvar med intensjonen i reguleringsplanen for Alverneset. All infrastruktur er opparbeid og klar til bruk for gbnr 137/259 i denne planen.

Det ligg føre avtale som sikrar beboarane i BFK1 i Isdalstøplanen permanent og likestilt løysing for tilkomst, parkering, leikeareal, samt VA og anna infrastruktur i Alvernesetplanen. Dispensasjonen vil gi ein sikrare tilkomst til desse areala.

Løysinga med integrering i Alverneset, med kort og trygg veg til parkering, tilkomst og leikeareal, er den beste løysinga for beboarane i BFK1 og for områda sett under eit.

Løysinga sikrar ålmenta areal til «kyststi» over kaiområde BFK1 og i det løysing for tilkomst til ålment tilgjenge friområde/badeplass og kyststien i Alverneset.

Tiltaket vil gje området nytt liv og inspirasjon til vidareutvikling av den kulturhistoriske viktige staden. Næringsdelen av bygget BFK1 (kjellar) vil framleis vere ein del av/deltakar i Isdalstøplanen, slik at



dispensasjonen ikkje set intensjonane i Isdalstøplanen til side. Det at ein med ein dispensasjon flyttar 11 parkeringsplasser til Alverneset, gjer det enklare å i framtida stetta parkeringskrava i Isdalstøplanen. Dispensasjonen sikrar betre og tryggare allmenn tilgjenge til offentleg bade- og friluftsområde. Samt hjelper til med framdrift i etablering av samanhengande kyststi. Dei andre deltakarane/utbyggjarane i Isdalstøplanen støttar fullt ut løysinga.

Det ligg ikkje føre merknader til løysinga frå naboar i Isdalstøplanen eller Alvernesetplanen.

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvært. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Saka vert oversendt Fylkesmannen i Vestland til klagevurdering.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Elin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage på avslag på søknad om dispensasjon frå reguleringsplanen for Isdalstø kai- gbnr 137/259 Alver
Klage på avslag vedr søknad om permanent dispensasjon fra Isdalstøplanen - gbnr 137/259 Alver
Avslag på søknad om dispensasjon frå rekkefølgjekrav - gbnr 137/259 Alver
Søknad om permanent dispensasjon - gbnr 137/259 Alver
Søknad om permanent dispensasjon - gbnr 137/259 Alver
Avtale mellom Nyhammer Eiendom og BKK
Avtale mellom Nyhammer Eiendom og Reigstad Bygg og Eigedom AS
Kartutsnitt Orthofoto 2015 gbnr 137_259
Kartutsnitt reguleringsplanar gbnr 137_259
Avslag på søknad om dispensasjon - gbnr 137/259 Alver
Stadfesting - vedk søknad om dispensasjon - gbnr 137/259 Alver

Kopi til:

Aage Vigleik Nyhammer Kubbaleitet 18 5916 ISDALSTØ

Mottakarar:

Aage Vigleik Nyhammer Kubbaleitet 18 5916 ISDALSTØ